



University of **HUDDERSFIELD**

University of Huddersfield Repository

Siddiqui, Kalim

Konsekven sar av Frihandel for Utviklingsland [the consequences of Free Trade and developing countries]

Original Citation

Siddiqui, Kalim (1994) Konsekven sar av Frihandel for Utviklingsland [the consequences of Free Trade and developing countries]. Det Norske Samlaget. pp. 20-39.

This version is available at <http://eprints.hud.ac.uk/id/eprint/16758/>

The University Repository is a digital collection of the research output of the University, available on Open Access. Copyright and Moral Rights for the items on this site are retained by the individual author and/or other copyright owners. Users may access full items free of charge; copies of full text items generally can be reproduced, displayed or performed and given to third parties in any format or medium for personal research or study, educational or not-for-profit purposes without prior permission or charge, provided:

- The authors, title and full bibliographic details is credited in any copy;
- A hyperlink and/or URL is included for the original metadata page; and
- The content is not changed in any way.

For more information, including our policy and submission procedure, please contact the Repository Team at: E.mailbox@hud.ac.uk.

<http://eprints.hud.ac.uk/>

KONSEKVEN- SAR AV FRI- HANDEL FOR UTVIKLINGS- LAND

Kalim Siddiqui

INNLEIING

Her vil eg drøfta det synet at frihandel gagnar alle, fremjar effektiv bruk av ressurser og skapar rikdom som kan løysa økonomiske og sosiale problem. Det blir ofte sagt at proteksjonisme var årsaka til lågkonjunktura i 1930-åra. Men årsakene var i røynda kompleks, og det at styresmaktene mangla evne til å stimulera økonomien i tilstrekkeleg grad, forverra krisa. Værn om naturressursar, sysselsetting og berøktig utvikling er ikkje dei same som proteksjonisme. I staden vil eg argumentera for at frihandel tenner betre smale delar av folkeskattaden, det vil seia dei rike i utviklingslanda. Eg vil òg argumentera for at auka frihandel, slik ein ventar han vil bli etter GATT-avtalen, vil verka negativt på rettferd og miljø, og må styrast for å fremma regional sjølvhjelp og auka matproduksjon, ein produksjon for nasjonale behov snarare enn for eksport. Generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (SN) utpeika med entusiasme 1960-åra som Utviklingsåret, og ønskte at utviklingsprosessen i dårlegstilte område i verda. Generalforsamlinga var faktisk òg overtydd om at handels ekspansjonen ville auka velferdsnivået og hjelpe utviklings- nye nasjonar. Men Utviklingsåret førte ikkje til nokon lette for dei fattige i utviklingslanda, og det blei meir og meir tydeleg at økonomisk velferd og velferd ikkje følgde med den uavhengige og

politiske friheten i utviklingslanda, snarare tvert imot. Gruppa av 77 representantar på møte i Algerie sa det slik: «Lagnaden til meir enn ein milliard menneske i utviklingsland blir stadig verre som eit resultat av utvikling i internasjonale økonomiske tilhøve.» (1)

I 1960-åra auka verdshandelen med ein gjennomsnittleg årlig rate på meir enn 7,8 %, medrekna oljeeksport. Medan gjennomsnittspriane på råvarerprodukt eksporterte frå utviklingslanda har gått ned med 7 % frå 1960 til 1970, har prisane på eksportvarer frå industriland auka med 10 % i den same perioden (UNCTAD, Genève, 1975). Kjøpekrafta på eksport frå utviklingslanda minskar stadig. I 1970 kunne utviklingslanda kjøpa ein tidel mindre av dei tradisjonelle eksportvarerne sine enn ti år tidlegare. I den same perioden har dei industrialiserte landa, på grunn av rask teknologisk framgang, hadde fram med å utbyta av utviklingslanda. Samstundes har utviklingslanda blitt meir avhengige, både økonomisk, politisk og teknologisk. Ein kan undrast over kvifor Canada, som har ein avhengig økonomi, skulle gjera det så mykje betre enn heile Latin-Amerika, medrekna Argentina, Brasil, Chile, Mexico og andre som i dei to siste tiåra følgde det ein kan kalla ein eksporttutta vekst. I så måte hjelper historiske fakta oss med å finna svaret.

Eg vil analysere om symptomona på underutvikling i grove trekk kan sporast attende til dei historiske sambanda mellom moderlanda og dei tidlegare koloniallanda. Symptom på underutvikling er at utviklingslanda blir meir og meir strukturelt avhengige av dei landa som alt er utvikla, og difor ytar lite i internasjonal handel. Dette aukar skilnaden mellom industrisentra og periferi med omsyn til makt, rikdom og inntekt. Eg vil òg her argumentera for at dei vanlege internasjonale skjefte i arbeidskraft ikkje berre har ein tendens til å aksentuera feilallokeringa, det vil seia den skjevte fordelinga av ressurser og ulikskap i inntekt. Denne økonomiske strukturen er dominert av utvikla kapitalisme, men han skapar òg økonomiske klassar i dei internasjonalt omlag (2).

Det er verdt å undersøka dei underliggende hindringane til teorien om komparative fordelar dersom vi ønskjer å vita kvifor resolusjonen frå generalforsamlinga i SN tok feil i trua på internasjonal handel som ei vekstmaskin. Under tilhøve med skiftande elitesjansar og teknologisk framgang, kan det som er ein komparativ fordel i dag, vera annleis i morgon. I dei siste åra har bruken av syntetiske varer auka i vestlege land. Større produksjon av soyabønner i USA og ressurser i Vest-Europa har ført til nedgang i eksporten av oljevekslar og sukker frå utviklingslanda. I industriproduksjonen har industriland i aukande grad erstatta råmateriale som tidlegare blei importerte. Dei viktigaste substitutta har vore aluminium i staden for kopar, kunststoff-fiber i staden for bomull og silke og ull og syntetiske stoff i staden for naturgummi, jute og tekstilar. Vi ser altså at land i den tredje verda ikkje kan stola på økonomisk vekst utanfrå i form av større verdsetter-sjurnad av dei tradisjonelle eksport av primærvarer. Like fullt rår Verdsbanken og IMF utviklingslanda til å konsentrera seg om eksport av primærvarer.

Denne vektlegginga av handel er, etter mi mening, feil, fordi det er lite sannsynleg at handel kan vera vekstmaskin. Etter mitt syn kan elendige i utviklingslanda sporast attende til dei historiske sambandet med moderlanda, som har ført til at dei er blitt sterkt integrerte i verdskapitalistssystemet som satellittstatar. Det er tydeleg at dei historiske sambandet av typen kolonial-makt-kolonialland tente til å skapa minst to større hindringar for utviklinga i utviklingsland: I integrasjonen i verdskapitalistmar-knaden som satellittstatar, 2. innmanskstruk-turen i utviklingslanda, med ein eksport-klave som var knytt til nettverket av verdskapitalisme, og som allierte dei mektigaste interessegruppene i utkantane med interessegrupper i moderlanda. Korleis kan dei økonomiske tilhøva mellom nasjonar bli tilstrekkeleg analyserte til å kasta lys over den vedvarande og veksende ulikskapen mellom dei med omsyn til inntekt og rikdom? For meg er dette eit av kjernespørsmåla som alle teoretikarar i internasjonal økonomisk tilhøve står

overfor. Diverre er visse synspunkt tilå nokre økonomar – i den seinare tida òg støtta av vestlege styrkesmakter og internasjonale finansielle organ – tilstrekkeleg til å finna svar. Det blir ofte hevda at frihandel hjelper dei fattige og aukar den økonomiske aktiviteten mellom landa, og såleis akselerer vekst og inntekt. Eg stiller meg tvilande til denne logikken. Økonomane tek ikkje omsyn til at frihandel trugar miljøet, fører til ujamn spreiding av sysselsetting og aukar skilnaden mellom rike og fattige i eit land og mellom fleire land.

FRIHANDELSDOKTRINER

Frihandelteorien skriv seg frå skriftene til Adam Smith og David Ricardo i dei 18. hundreåret. I staden for å vera sjølvfysynt burde eit land spesialisera seg på produkt som det kunne produsera billigare. Den klassiske internasjonale handelteorien hevdar at land eigenleg handlar med kvarandre fordi dei har ulike komparative fordelar i produktjonskostnaden av varer og tenester. Ricardo understreka at logikken med komparative fordelar gjaldt vel så mykje for individ som for nasjonar. Det blir sagt at internasjonal handel, under føresetnad av dei vilkåra eg har nemnt, har ein tendens til å utlika prisane på varer i ulike land. E. Løst la fram innvendingar mot den klassiske teorien. Han meinte at frihandel kan hemma veksten av «produktive krefter.» Det viser seg likevel at den stadige usenja mellom «proteksjonisist» og «frihandlarar» har blitt mykje mer tydeleg i dei siste åra. Temae i den moderne debatten har vore at dei stort sett tenar landet å halda oppe frihandel, for på den måten å maksimera inntekter og sysselsetting. Det heiter seg at det vil føra til at ulikskap i inntektsnivå mellom folk og land vil falla bort. Men i praksis er det ikkje slik, og raskare teknologisk framgang har ikkje resultert i lågare industriprisar i høve til prisar på primærprodukt. Det enorme skjefte mellom prisar på arbeidskraft i industriland og utviklingsland går slett ikkje i retning av

c. Hall and E. Solheim (edit) Miljø Arboka, 1994, pp. 20-39, Det Norske Samlaget, Oslo

likskap. Smith og Ricardo kunne ikkje tenkja seg at kapital kunne vera så il. Kapitalinvestering blir i dag ikkje syrt av komparativ fordel, men av absolutt profit. Dessutan har føremålet med kapitalistiske føretak alltid vore å maksimera profit, aldri å tena behov hjå folk.

Smith og andre hevda sterkt at ved å maksimera profitten direkte ville kapitalisten (forretningsmannen) indirekte tena samfunnet. Alle kapitalistar med deira profittlag og innbyrdes konkurranse produserer det samfunnet vil ha. Denne teoretiske hypotesen er likevel langt frå den fulle og heile sanninga. Kapitalistar engasjerer seg ikkje berre for å produsera varer og tenester for sosiale behov, men òg for menneskeleg øydelegging. Profittlaget tvingar kapitalistar til å akkumulera meir kapital, og dette blir hovudmålet og drivkrafta i all aktiviteten deira. For å akkumulera meir tek dei i bruk nye teknikkar for produksjon og distribusjon, og ekspanderer til nye område og marknader. I denne prosessen blir skiltet mellom dei som eig produksjonsmidla og dei som ikkje eig det, mykje større enn nokon gong tidlegare. Og dei dominerande trekk ved kapitalismen kjem for dagen i form av ulikskap i inntekt, rassine, arbeidsløys, stadig tilbakevendande lågkonjunkturar, panske tilhøve i finansverda osv. Kapitalismen ser ikkje naturmiljøet som noko som skal takast vare på på lengre sikt, men som eit middel til å maksimera profit og akkumulera kapital.

Frihandelsdoktrinen blir normalt spreidd av dei dominerande landa som har utvikla seg i visse finansområde og internasjonal handel, og som nytt godt av komparative fordelar i dei fleste avanserte industrifinans- og tenestesektorar. Trass i sitt dårlige rulleblad blir doktrinen framleis sett fram som den einaste vegen for vekst for fattige land. Den ser fullstendig bort frå dei skeive økonomiske tilhøvet mellom utviklingsland og industriland og legg skulda på dei fattige landa for at dei er fattige. All kritikk mot frihandel blir karakterisert som proteksjonistisk. Frihandelsmodellen blir ofte sett fram som ei erstatning for grunnleggjande institusjonelle

endringar som kunne fremma vekst. Alle europeiske stormakter hadde avgrensa handelsregime i den første delen av industrialiseringa, då yrkes- og inntektsstrukturen var i ferd med å endrast slik at sekundær- og tertiærnærningane blei viktigare og primærnærninga marginalisert. Medan stormaktene sjølve praktiserte slike avgrensa handelsregime, forfokta dei frihandelspolitikk for andre.

I denne samanhengen kan vi referera til Japan, som har auka produksjonsveksten kraftig ved hjelp av eit høgt nivå av kapitalakkumulasjon og kontinuerleg teknologisk forbetring. Japansk strategi har vore definert som ein absorberingsstrategi som er samansett av importert teknologi frå utlandet, høg innanlandsk vitenskap, utdanning og forskning og utviklingsinnsats av lokale verksemdar. Styresmakterne har sjølve spelt ei vesentleg rolle ved å fremma teknologiske innovasjonar med retningsslingjer og vernetiltak. Vidare har knallhard konkurranse i den nasjonale industrien gjort mykje til å få kosnadene ned. Mange bedrifter er slått saman, og den sterkeste parten har overlevd. Til dømes gjekk 73 verksemdar i motorsykkeldindustrien i 1955 saman til seks i 1965 på grunn av beinhard konkurranse (3). Alt tyder på at Japan har vaks fram som ei industrimakt ved hjelp av ei rekke verkemiddel, som statleg stianad, retting og regulering. Den japanske suksessen med å importera moderne teknologi, forbetra den og konkurrera med den på den internasjonale marknaden har andre land i Sørasi-Asia teke i bruk. Sør-Korea er avhengig av konglomerat, medan Taiwan, med staten som hovudaksjonær, produserer og sel moderne industriprodukt, mellom anna halvleiarsbrikar til verksemdar i privat sektor (4). Alle desse tre landa har hatt gode sosioøkonomiske tilhøve og ein statleg politikk som eignar seg til å absorbera og utvikla moderne teknologi. Sjølvsegt har mellom anna allmenn lese- og skrivetekunne, anskaffing av godsgegarveldet og garanti om minstekonsumentens for inntjeningane forsterka innamlandsmarknaden og auka produktiviteten. Det visse seg òg å vera ein fordel på internasjonale konkurranseprege marknader. Ingen av

desse landa hadde open-dør-politikk retta mot ytringar frå utlandet, og saman med meir empolittiken spelte styresmakterne ei viktig rolle med å leia investeringar inn i ønske kanalar.

FRIHANDEL OG ULIKSKAP

Dagens tilhengarar av frihandel hevdar at stor arbeidsløys, feilernærning, gleid og liknande i den tredje verda kan overvinast med auka handel og vestleg veksttype. Men dette er ein illusjon som ville få katastrofale konsekvensar. Ein slik politikk ville berre utvida klufta mellom rike og fattige land og ville vera økologisk uholdbar på lengre sikt. Ein sterk tilhengar av nasjonal sjølstende, Mahatma Gandhi, ordla seg slik for femti år sidan: «For eit land som er blitt industrialisert, med ein folkesetnad som kan bu i byar, og med ei folk som ikkje har noko imot å plyndra andre nasjonar og difor har den største marne for å verma om sin uunnarlege handel, kan frihandel vera økonomisk forsvareleg, men for India har frihandel vist seg å vera ei forbanning som har halde landet i trældom.»

Sjølv om den internasjonale handelen auka mellom 1980 og 1990, blei den globale ulikskapen forverra. Etter opplysningar frå SNs utviklingsprogram tenar dei rikeste landa, som utgjer ein femdel av folkesetnaden i verda, over 60 gonger meir enn dei fattigaste. I dei siste tiåra har auka handel gjort dei rike enda rikare. Ein SN-rapport vedgår at i 1980-åra blei den globale ulikskapen forverra på grunn av svikjande handelsvilkår for eksporten frå dei fattige landa. Utviklingslanda sin del av den globale rikdommen fyllt frå 22 % til 18 % mellom 1980 og 1990. Mellom utviklingslanda var det berre ei handfull austasiatiske land som kunne visa til ei gunstigare utvikling. For dei fleste land i Afrika var nedgangen i inntekter frå primærvarer reelt på 50 %. Dei industrialiserte landa, som har ein femdel av folkesetnaden i verda, konsumerer 70 % av energien i verda og 60 % av maten. Utviklingslanda seg mellom

viser òg enorme skinnader med omsyn til inntekt og forbruk. I Brasil, til dømes, har den femdelen som tenar mest, 26 gonger større inntekt enn den femdelen som tenar minst. På Filippinane har ikkje den auka handelen og kommersialiseringa av jordbruket gagna alle likt. Feilernærning er framleis ei av dei viktigaste årsakene til at barn dør i landet. Det gjennomsnittelege matforbruket minskar stadig, trass i auka produksjon og produktivitet. Francisco Lara frå jordbruksinstituttet på Filippinane seier det slik: «Den store ironien er at i den regionen som går for å vera landets beste jordbruksområde (...), der ein dyrkar ris i store mengder, og der dei finst enorme banan- og ananasplantasjar (...), har 70 % av barna for lågt energiforbruk.»

Det er ikkje vanskeleg å finna dei verkelege årsakene til dei mykje tilfella av vald i Chipaz, den sørasiatiske delstaten i Mexico. Svært mange innfødte har blitt jaga bort frå områda sine på grunn av kvegdrift, skogbruk og oljevinning. I Chipaz, den einaste delstaten i Mexico der dei framleis finst regnskog, er avskoginga blitt intensifisert. Kvegdrift, som er hovudårsaka til avskoging, er den viktigaste jordbruksaktiviteten i delstaten, og den aukar med 14 % året. Denne utviklinga har marginalisert den innfødte folkesetnaden. I Chipaz, den fattigaste delstaten i Mexico, ligg speidarmortaliteten på 94 av 1000 levandefødte, og 60 % av folkesetnaden lever under den offisielle fattigdomsgrensa. På den andre sida produserer Chipaz, saman med delstaten Tabasco, 80 % av den landbaserte oljen i landet. Chipaz produserer 50 % av vasskrafta i landet, men halvparten av folkesetnaden har ikkje tilgang til elektrisitet og rent drikkevann. Kyøt- og mjølkproduktindustrien i delstaten er kjend for å gi høge profit, og den har auka raskt i dei siste tiåra. Folket i delstaten, derimot, har størst proteinmangel. Det blir sagt at 1994 fører med seg nye truslar. Den subsidierte kveiten frå USA kjem til å tløyna ut over meksikanske marknader på grunn av NAFTA-avtalen, og vil tvinge dei innfødte smbebdene til å gi opp å dyrka bønner og mais. Det vil føra til ei ytterlegare marginalisering av den innfødte folkesetnaden.

Den nordamerikanske frihandelsavtalen (NAFTA) vil vidare auka kapitalkonsentrasjonen i Mexico. Meksikansk arbeidskraft har ein annan struktur enn den vi finn i USA og Canada, og i Mexico er det ein mykje større prosentdel småindustriarbeigarar, og følgelig færre lønsmottakarar. Til dømes er meir enn 25 % av arbeidskrafta i Mexico sjølvstendig næringsdrivande – mot berre 8,2 % i USA og 8,5 % i Canada – og dei har hovudinntekta si frå forretningsproffitt. I både USA og Canada er over 90 % av arbeidskrafta lønsmottakarar (arbeidarar og funksjonærar), medan det tilsvarende prosenttalet for Mexico er om lag 70. Grunnen til at det er så mange arbeidadar og funksjonærar i USA og Canada og så få bedriftseigarar, er at dei store industriverkstendene der har lukkast i å monopolisera marknaden og pressa vekk sjølvstendig næringsdrivande, som småbønder og småbutikkeigarar. Dessutan sysselsett jordbruket framleis 25 % av arbeidskrafta i Mexico, mot 3 % i USA og Canada. Dei fleste av desse små forretningsverkstendene i Mexico startar med lite kapital, og får dei tilført meir kapital og moderne teknologi, vil dei auka produktiviteten, men samstundes øydelegga for småproducentane. Arbeidsparande tiltak i jordbruksutviklinga og teknologiske framsteg i infrastrukturken driv arbeidskraft frå landdistrikta til byane. Men teknologiske framsteg i industrien reduserer behovet for arbeidadar, og det fører til ein dramatisk auke i arbeidsløys og fattigdom, og dålegare miljø.

Andre konsekvensar av NAFTA er at USA-baserte fleirnasjonale selskap får betre tilgang til den meksikanske forbrukermarknaden, og USA-produiserte varer vil flyyma ut over meksikanske marknader. Den færinge infrastrukturen og den aukande valdsbruken i Mexico vil ikkje gjera landet attraktivt for utanlandsk kapital. Sjølvsaft vil nokre fleirnasjonale selskap, som tykkjer miljøførsesegne er for strenge i USA, finna det interessant å plyndra og øydelegga meksikanske naturressursar og miljøet der. Jordbruksoverskottet i USA vil bli dumpa i Mexico og tvinga eit stort tal småbønder til å gå frå gardane sine. I tillegg vil industri-vekstsemdar frå USA med stor kapital driva

ut små og mellomstore verksemdar i Mexico, og eigarane deira må ut på arbeidsmarknaden som arbeidssøjarar. Det vil føra til sterkare konsentrasjon av kapital på færre hender og proletarisering av dei tidlegare sjølvstendige næringsdrivande. Den folkeflyttinga som NAFTA vil medverka til, vil bli uvanleg drastisk, ettersom meksikanske arbeidadar ikkje vil vera i stand til å migrera fritt til andre land for å finna seg arbeid.

Dessutan gjer frihandel dei fattige landa meir avhengige av dei rike landa og tek ikkje omsyn til regionale og lokale behov. Mexico eksporterte meir grønnsaker til USA i 1980-åra og lenge framand valuta, men samstundes importerte landet meir mas frå USA. Det totale resultatet blir såleis ikkje betre. I 1980-åra fall den auka eksporten frå Brasil og Mexico saman med at underernæringa i desse landa auka på grunn av at kjøtt og grønnsaker blei eksportert til rike konsumentar i USA i staden for til lokale fattige. Det er lite kjent at handburgarkjøtt og appelsinjuice importert frå Brasil til den amerikanske marknaden tvingar småbønder til å gi frå seg land til rike rancheigarar. I 1992 hadde Brasil ein hog spebarnsmortalitet på 57 av 1000 levande fødde, mot 10 i USA. Den handelsorienterte økonomiske aktiviteten kan òg vera prega av skamlaus sløsing og utbytting, som i våpenhandelen og teipeindustrien, der vestlege forbrukarar kjøper luksusvarer laga av barn på slaveleiningar.

Framand valuta i utviklingsland blir ofte brukt til å importera våpen eller luksusvarer for den lokale eliten. I Afrika under eit hadde den 20 % rikaste folkeskanden tidleg på 1980-talet ei inntekt som var fire gonger høgare enn den fattigaste 40 %. Kontinentet er framleis stort sett avhengig av eksport av primærvarer frå koloniida. Den nylige renteauken viste seg å ha stor innverknad på nedbetalinga av gjelda, og fæire produkt måtte eksporteras berre for å betala attende rentene. Det førte til ei katastrofal øydelegging av miljøet og inntekta til ein stor del av folkeskanden. Kjøtteksport frå Botswana har gitt dei rike større inntekt, medan inntekta til dei fattige har gått ned. Ein ny SN-rapport seier at i Botswana «blir

95 % av kjøttproduksjonen eksportert. (...) Denne vekkinga av kjøtteksporten har svekt landet og auka lagdelinga av folket i Botswana».

Den auka handelen i delstaten Kerala i India har ført til dålegare folkehelse. Third World Network seier dei slik: «Før i tida åt folk fisk saman med dei lokale hovudnæringsmiddelstaploka. Fiskeprotein gjorde folk meir motstandsdyktige mot sjukdomar. No blir fisken eksportert. Fiskerfamiliar et mindre fisk, og resultatet blir feilernæring».

Dessutan har dei fleirnasjonale selskapa fått stadig sterkare kontroll i 1980-åra, då informasjonsteknologi og avgjering av framand valuta i vesten gjorde det lettare for desse selskapa å auka marknadsdelen og konkurransesvæva ved å produsera på dei gunstigaste stadiene. I dag er den internasjonale handelen dominert av dei fleirnasjonale konserna. I 1985 var dei samla salstala for dei 200 største fleirnasjonale selskapa i verda på meir enn 3 billionar US dollar. Dei svarar til om lag ein tredel av dei globale bruttonasjonalproduktet. Avgjering og leite fusjonar har gjort desse gigantselskapa mektigare, og kontrollen deira spenner over produksjon, fordeling, bankvesen og transport. Dei 15 største fleirnasjonale selskapa, mellom dei General Motors, Exxon, IBM og Shell, kontrollerer 60 % av verdshandelen. Talmateriale frå SN viser at den globale handelen av alle primærprodukt er kontrollert av seks fleirnasjonale selskap. Cargill, til dømes, har ein større salsomsetnad enn bruttonasjonalproduktet til mange afrikanske land som selskapet importerer kaffi frå. Cargill kontrollerer òg verdshandelen med korn. Tre fleirnasjonale selskap kontrollerer 80 % av handelen med bannar, tobakk og te.

Eit interessant døme på misbruk av ressursar kan nemast i ein supermarknad i London kan du finna croissanter (horn) frå Alicante i Spania. Sjølv om dette bakeriet kan produsera i eit lokalt bakeri på andre sida av gata, blir dei importert frå Spania, som produserer dei i stor målestokk, slik at dei blir billigare. Croissanter blir transportert 1550 km. frå Alicante til London. Det blir berre da at dei er billige, men miljøkostnader er ikkje inkluderte i

reknesykkel. Slik handel er hoga destruktiv for miljøet. Eg vil ikkje påstå at all slags handel ikkje er sosialt nyttig, men dømet kunne definitivt ha vore umgått. I 1991 blei om lag 17 millionar tonn gods sende med fly. Dei svarar til eit års forbruk av energi på Filipinaane. Flytransport av gods krev mange gonger meir energi enn til dømes båttransport.

Kritikarar som Robert Wade peikar med rette på at dei teoretiske grunnlaget for frihandel «som ei middel til større vekst er usikkert». Atsakemeksikanane som kryper frihandel til vedvarende jamn økonomisk vekst er sett ikkje klare. Wade slår såleis fast at dei fleste talsmenn for uovervorteinte strategiar tyr til då hov-faktorar for å kryta internasjonal konkurransevæva til vekst, det vil seia teknisk ending, storproduktfordeleiar og nasjonal forretningsdrift. Den kjende MIT-økonomen Paul Krugman har ein annan interessant kommentar til den siste utviklinga av både vekst og handels-teori «moti å føra ein frihandelsortodoksi for langt». Han utvar seg over kva for implikasjonar dagens økonomiske teori har for utviklingspolitikk, og han konkluderer med å seia at «det er ikkje sant at økonomisk teori beris at frie marknader alltid er beste». Dei teoretiske grunnlaget for den nyliberale ortodoksien er usikkert (5). Nicholas Stern kommenterer i Bankrapporten: «Dersom berre tre sterkt uovervorteinte land, Sør-Korea, Singapore og Hongkong (to av dei er bystader) blir fjerna frå utvalet, blir beviset mykje mindre klart» Lloyd Reynolds seier òg at «økonomiske faktorar avslører ikkje heilt mysteriet av vekstfæider». Det som etter hans syn manglar i desse skalla suksessmodellane, er politiske faktorar, det vil seia staten si rolle. Suksessane i austasiatisk økonomi, i Sør-Korea og Taiwan, var snarare ein afriknadepolitikk eit resultat av ei kompleks rekke av omstønde, mellom anna land-reformar, tunge statlege intervensjonar og reguleringar og gunstige internasjonale økonomiske tilhøve som førte til den økonomiske oppgangen i etterkrigstida. Når dei gld GATT og fleirnasjonale selskap, har liberalisering av handel vore fremma som ein «vinn / vinn situasjon» for

både rike og fattige land. Likevel gjer ein myleg utkomsten felles rapport frå OECD og Verdsbanken det klart at det er dei rike landa som tenar, og dei fattige som taper. GATT-avtalen om jordbruket illustrerer korleis liberaliseringa av handel blir brukt til å omstrukturera den globale økonomien til endå større fordel for dei rike landa. Dei fleste økonomar ser GATT-avtalen som ein muke å auka rikdom på, både i rike og i fattige land. Det blir hevda at om ein fjernar barrierer og opnar marknader for både rike og fattige, vil det føra til ei insprøyting i verdshandelen som vil auka den globale inntekta med 213 milliardar US dollar kvart år frå år 2002. Dette byggjer på postulatet om at ved å konsentrera ressursane i det einstkilde landet til dei mest produktive og konkurransedyktige sektorane, vil frihandel gjera landet i stand til å maksimera vinninga. Men dette held ikkje stikk i praksis. I dagens verd yder kompaktiv fordel lågare prisar snarare enn økonomisk klima, slik det ofte blir hevda i lærebøker i økonomi.

Det landa som kan halda lønningane lågast og setja i verk minst mogleg miljøreguleringar, vil hausta den høgaste profitten og slæis tena på handel. Det er dei store industriselskapa, ikkje individuelle kjøparar og seljarar, som fastset prisar og tenar på handelen på den globale marknaden, og dei kontrollerer 80 % av verdshandelen. GATT-avtalen avspeglar interessene deira. Gjennom heile forhandlingsrunden tok ein ikkje omsyn til den otten som dei fattige landa gav uttrykk for når det gjaldt gjeld og forverra handelsvilkår. I mellomtida vinga dei rike landa, med USA, Vest-Europa og Japan i spissen, sine strategiske behov på dei fattige landa. Dei brukte Uruguay-runden til å omstrukturera regelverket for verdshandelen, slik at det skulle passa for dei fleirnasjonale selskapa deira. Samstundes vinga dei utviklingslanda til å opna viktige økonomiske sektorar og gi frå seg ein stor del av den sjølvstyrendige økonomiske politikken sin til utanlandske selskap og internasjonale finansinstitusjonar (6). Konsekvensen blir at frihandel vil styrka dei fleirnasjonale selskapa, medan den fører til at millionar blir utarma i utviklingslanda,

viljeit blir meir forringa, og nasjonale -gjeringar vil mista retten til å handla for å verna om borgarane sine.

Det som vil tena mest på frihandelen, er dei industrialiserte landa, slik rapporten frå OECD/Verdsbanken faktisk peikar på. Den seier at to tredjedelar av den venta auken i global inntekt på grunn av GATT vil koma i OECD-landa, der berre ein tredel av folkeskiftet i verda bur. På den andre sida vil den reelle inntekta til afrikanske land sør for Sahara og andre, som Indonesia, Filippinane og Sri Lanka, venteleg gå ned. Til saman vil desse landa mista sju milliardar US dollar i inntekter kvart år. Brutonasjonalproduktet i afrikanske land vil venteleg å gå ned med 0,5 %. Desse tapar kjem hovudsakleg av jordbruksliberaliseringa, der GATT har vinga fram ein drastisk reduksjon i nasjonal støtte til jordbruketar og tilgang til marknader. GATT krev at utviklingslanda reduserer støtta til jordbruketar med 13,3 % i dei neste ti åra, og industrialiserte land med 20 % i dei neste seks åra. Det omfattar direkte støtte til jordbruketar og subsidiar til ny teknologi og nye jordbruksmaskiner. Utviklingsland representerer langt større marknader for hovudnæringsmiddel enn industrialiserte land. Kornsskapsom Cargill, Continent Grain, Louis Dreyfus, Andre & Co og Mitsui Cook, med base i industriland, søkjer desperat etter ein global marknad. Jordbruk representerer ein langt større del av dei totale budsjettene i land i den tredje verda enn dei gjer i industrialiserte land. Jordbruk utgjer 18 % av brutonasjonalproduktet i Tanzania, men berre 0,5 % i USA. Eit innhogg på 2 % i Tanzanias jordbruksmarknad ugjer ein langt større del av totalinntekta for landet enn for USA. Og matsporten frå dei industrialiserte landa er òg viktige matvarer – hovudsakeleg korn – og vil såleis konkurrera direkte med hovudnæringsmidla frå utviklingslanda. Matvarane som blir eksporterte frå utviklingsland, er likevel oftest luksusvarer, og dei har ingen innverknad på prisane på hovudnæringsmidla. Matsporten frå den nordlege halvkula vil undergrava jordbruksinvesteringar i sør, og slæis underminera matproduksjonen i sør og i vestbrødet til millionar av bønder. Dette --, gjera det endå fattigare og meir sårbare for hungersnau og færmæring.

No prøver GATT ved auka handel i jordbruksvarer å skapa friidom for fleirnasjonale selskap til å kontrollera alle sider ved jordbruket. Denne friidomen til agrodindustrielle kompleks er basert på at bønderne må gi opp friidomen til å produsera, forvela og konsumera mat etter lokale ressursar, miljøbehov og kulturelle og økonomiske behov. Bønder i India, Filippinane, Kenya og andre stader protesterte mot dei intellektuelle eigedomsrettane i patagrafane i GATT-avtalen. Avtalen trugar med å ta frå bønder i utviklingsland, dei opphavlege givarane av biomangfald, friidomen til å bruka, reprodusera og tilpassa svarsarne og plantemateriale deira. Svarar er livsviktig for levbrødet til millionar av jordbruketar i utviklingsland med tanke på sysselsetting, matbehov og inntekt. Det er ei gåve frå naturen, forbetra av bønder i hundrevis av år og utveksla fritt bønder og land mellom. Gjennom GATT-avtalen prøver dei fleirnasjonale selskapa å få monopol på svarsar, som til no har vore ein lokal felles ressurs. I og med at svarsar og biomangfald er sjølv grunnlaget for matproduksjon, er monopolkontroll av svarsar det same som at bønderne blir avhengige av dei fleirnasjonale selskapa.

GATT-avtalen rårkar òg andre, til dømes skogsannum og fiskarsannum, som er avhengige av biomangfald for å overleva. Ressursane og kunnskapen til desse folka har fleirnasjonale selskapa nytta fritt i årevis. I tradisjonelle samfunn er biomangfald felleslege, og kunnskap relaterer til intellektuell sametige. Dei fleirnasjonale konserna gjer biomangfald til privat eigedomsrettar vil privatisera det. I eit historisk perspektiv har biomangfald vore felleslege i lokalsamfunn. Både ressursar og kunnskap blei utveksla fritt, og dei har ein høg verdi gjennom kulturelle og sosiale mekanismar for å verna og unnta det. Dei fleirnasjonale selskapa brukar biomangfaldet fritt og tilpassar det og sel det tilbake i

form av dyre patenterte svarsar og medisinar. I frihandelen sit namn er målsettinga til dei fleirnasjonale selskapa å utvida marknaden, monopolisera tilgangen på svarsar og vinga bønderne til å kjøpa såkorn frå dei kvart år. Det vil fremma ein monokulturell jordbrukspraksis og øydelegga ulike varietetar av tradisjonelle svarsar som hadde vist seg å vera eigna for lokale økologiske tilhøve, og som hadde vore dyrka i hundrevis av år.

USA skular utviklingslanda for å ta i bruk ein «urettferdig handelspraksis» dersom dei ikkje innfører USA's intellektuelle eigedomsrettar. Men det er snarare USA som har teke i bruk ein urettferdig praksis ved fritt å bruka dei genetiske ressursane i utviklingslanda og tena millionar av dollar. Ein vill varietet av tomat (*Lycopersicon chomeryensis*) blei til dømes teken frå Peru i 1962. USA-baserte fleirnasjonale selskap tilpassa denne svarsara, selde den og tente åtte millionar dollar i året. Men bønderne i Peru får ikkje del i desse goda. Dei ville varietetane ytte 340 millionar US dollar kvart år mellom 1976 og 1986 til den amerikanske jordbrukssektoren. Svarar av mellom anna kvete, ris, bygge og bønner har skaffa USA-baserte fleirnasjonale selskap milliardinntekter i dollar. Det er rekna ut at amerikanske firma har teni meir enn 66 milliardar US dollar på å selja forbetra svarsar, og dei fleste av desse genetiske ressursane kom frå utviklingslanda (7).

KONKLUSJON

Tilleggjane av handel som ei større «vekslarskapsinn» ignorerer dagens realitetar. Dei få autarkistiske landa som ikkje baserer seg berre på eksport av primærvarer, tilhøyrer i stor grad industrisektorar der dei har framgang, anten på grunn av ei relativt lågt lønsmått, eller på grunn av statleg politikk som gjer dei lønnsamt for fleirnasjonale selskap i nord å investera i desse landa. Dei andre avgjerande punktet er innovasjon, som svarer ofte er vardebidspr-

rande». Det som kan vera bra for eit individ eller ei verksemd, er ikkje nødvendigvis bra for samfunnet under eitt (8). Dessutan fremmer frihandel interessen til dei fleimasjonale selskapa, medan den tek bort nasjonal kontroll over eigne ressursar. Det økonomiske regelverket i verda er i ferd med å bli omstrukturert for å fjerna barrierar som stengjer for internasjonale handel gjennom GATT, til fordel for vestlegbaserte fleimasjonale selskap. Carla Hills, ein handelsrepresentant under Bush, vedgjekk at «vi opnar marknader med makt, og held dei opne slik at vår private sektor kan dra fordel av dei».

Kort sagt flytter frihandel makt frå lokalsamfunnet til dei store selskapa og bankane. Den bygger på ein snever etikk om forbrukarsamfunn og individualisme, og den ruinerer dei svake og fattige, men dekkjer seg bak effektivitet og konkurranse. Frihandel kan føra til nedgang i lokal moral i teknologi og ressursar og til auka arbeidsløysje og flytting av folk. I røynda har frihandel fulstendig blitt ein politikk der rike land dominerer dei fattige. Dei industrialiserte landa, med mindre enn ein femdel av folkesetnaden i verda, nyl godt av tre femdelar av rikdommen i verda, medan utviklingslanda, med tre femdelar av folkesetnaden, berre tek ut ein tidedel av rikdommen. Og det mest urovekjande er den kjensgjerringa at skilnadene blir skarpare fordi rikdom og inntekter i dei rike landa aukar raskt, medan dei fattige landa får mindre. Det blir eit pårengande behov for å snu denne trenden. Utvikling burde vera å oppnå sjølvstende basert på lokale ressursar. Kontroll, produksjon og forbruk må bindast saman, lokalt og regionalt mangfald må maksimerast, og ulikskapen mellom nasjonar og innanfor nasjonane må reduserast.

Referansar

- 1 «77-Gruppe», Algiers, 1967, stensil.
- 2 Kalim Siddiqui, «Global markise - en kritisk analyse», Alternativ Framtid, nr. 3, 1993, Oslo.
- 3 Sja K. Oshima, «Research and Development and Economic Growth in Japan», i B. R. Williams (red.), *Science and Technology in Economic Growth*, London, Macmillan, 1973, s. 310-323.
- 4 Sja International Labour Organization, Geneva, 1990.
- 5 «World Development Reports», Verdsbanken, Washington D.C., 1987.
- 6 Kalim Siddiqui, «Dunkel Draft & Developing Countries Sovereignty», Third Concept, mai 1992, New Delhi.
- 7 E.O. Wilson (red.), *Biodiversity*, National Academy Press, 1986.
- 8 Kalim Siddiqui, «Economic Development and Free Market Economy», Link, 1. september, 1991, New Delhi.